

KOMMISJONSAVGJERD**2019/EØS/27/50**

av 7. november 2013

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til vassklosett og urinal

[meld under nummeret K(2013) 7317]

(2013/641/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

TEKE DENNE AVGJERDA:

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

Artikkel 1

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

1. Produktgruppa «vassklosett og urinal» skal omfatte vassklosett- og urinalutstyr som definert i artikkel 2. Produktgruppa skal omfatte produkt til bruk i bustader og bygningar som ikkje vert nytta til bustadføremål.

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

2. Følgjande produkt skal ikkje vere omfatta av produktgruppa «vassklosett og urinal»:

ut frå desse synsmåtene:

a) klosettsete og -lokk, men berre når dei vert bringa i omsetning eller marknadsførte separat frå vassklosett- eller urinalutstyr,

1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast dei produkta som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.

b) klosettutstyr som ikkje nyttar vatn, eller som nyttar kjemikal og vatn til spyling, og klosett som har spylesystem som krev energi.

2) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 vart det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av miljømerket for kvar produktgruppe.

Artikkel 2

I denne avgjerda tyder:

3) Ettersom vassforbruket medverkar vesentleg til den samla miljøverknaden til bustader og bygningar som ikkje vert nytta til bustadføremål, bør det fastsetjast kriterium for tildeling av EU-miljømerket til produktgruppa «vassklosett og urinal». Kriteria bør særleg fremje vasseffektive produkt som medverkar til minsking av vassforbruket og til andre føremoner, til dømes minsking av energiforbruket.

1) «vassklosettutstyr» ei klosetteining, ei klosettskål eller eit spylesystem til klosett,

4) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

2) «klosetteining» ei sanitærinnetning som kombinerer eit spylesystem og ei klosettskål i ei funksjonell eining til oppsamling og utspyling av urin og avføring frå menneske, til eit avlaupssystem,

3) «klosettskål» ei sanitærinnetning til oppsamling og utspyling av urin og avføring frå menneske, til eit avlaupssystem,

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 299 av 9.11.2013, s. 38, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 54/2014 av 8. april 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 49 av 28.8.2014, s. 28.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

4) «urinalutstyr» ei urinaleining, eit urinal, eit urinal utan spyling eller eit spylesystem til urinal,

- 5) «urinalutstyr med spyling» ei urinaleining, eit urinal eller eit spylesystem til urinal,
- 6) «urinaleining» ei sanitærinnetning som kombinerer eit spylesystem og eit urinal i ei funksjonell eining til oppsamling og utspyling av urin til eit avlaupssystem,
- 7) «urinal» ei sanitærinnetning til oppsamling og leiing av urin og spylevatn til eit avlaupssystem,
- 8) «golvurinal» ei sanitærinnetning med eller utan spylesystem, som omfattar eit golvavlaup og ei renne eller ei plate som er festa til ein vegg, til oppsamling og leiing av urin og spylevatn til eit avlaupssystem,
- 9) «urinal utan spyling» ei sanitærinnetning som fungerer utan vatn, til oppsamling og leiing av urin til eit avlaupssystem,
- 10) «spylesystem», både for vassklosettutstyr og urinalutstyr med spyling, ei spylesisterne med innebygd overlaupsrør eller ei innretning som vert rekna som minst like effektiv, og dessutan inntaks-/utlaupsinnretningar eller ein spyleventil,
- 11) «vassparande innretning» ei spyleinnretning der berre ein del av heilspylingvolumet vert nytta anten gjennom ein spylestoppfunksjon (avbryting av spylinga), eller gjennom ein totrinnsknapp for spyling (dobbelspyling),
- 12) «heilspylingvolum» det samla volumet med vatn som vert sleppt ut frå spylesystemet under ei spyling,
- 13) «reduert spylevolum» den delen av heilspylingvolumet som vert sleppt ut frå ei vassparande innretning under ei spyling, og som ikkje utgjer meir enn to tredelar av heilspylingvolumet,
- 14) «gjennomsnittleg spylevolum» det aritmetiske gjennomsnittet av eitt heilspylingvolum og tre reduserte spylevolum, rekna ut i samsvar med den metoden som er fastsett i tillegg 1 til vedlegget,
- 15) «brukarkontrollert spyleutløysar» ei spyleinnretning på ei sanitærinnetning som kan nyttast anten manuelt av brukaren ved hjelp av eit handtak, ein hendel, ein knapp, ein pedal eller tilsvarande utløysingsmekanisme, eller ved hjelp av ein følar som registrerer bruken av sanitærinnetninga,
- 16) «justeringsinnretning» ei innretning som gjer det mogleg å justere heilspylingvolumet og eventuelt det reduserte spylevolumet i eit spylesystem.

Artikkel 3

Kriteria for tildeling av EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 til produkt som høyrer inn under produktgruppa «vassklosett og urinal», slik ho er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll, er fastsette i vedlegget.

Artikkel 4

Kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i dette vedlegget, skal gjelde i eit tidsrom på fire år frå 7. november 2013.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «vassklosett og urinal» tildelt kodennummeret 41.

Artikkel 6

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 7. november 2013.

For Kommissjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

KRITERIUM FOR TILDELING AV EU-MILJØMERKET OG KRAV TIL VURDERING

Kriterium for tildeling av EU-miljømerket til vassklosett- og urinalutstyr:

1. Effektiv vassbruk
2. Produktegenskapar
3. Stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang
4. Råvarer av tre frå berekraftig skogbruk
5. Produktlevetid
6. Redusert miljøverknad ved kassering
7. Monterings- og bruksretteleing
8. Opplysningar på EU-miljømerket.

Tabell 1 viser dei ulike kriteria som gjeld for kvar kategori vassklosett- og urinalutstyr.

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førte opp under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren til søkjaren.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av laboratorium som oppfyller dei generelle krava i den europeiske standarden EN ISO 17025 eller ein tilsvarende standard.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førte opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller dei lovfesta krava i staten (statane) der det skal bringast i omsetning.

I prøvingsstandardar vert klosetteiningar, klosettskåler, urinal og spylesystem delte inn etter klasse og/eller type. Det rette organet som vurderer søknaden, skal opplyst om kva produktklasse eller -type produktet tilhøyrer, og alle prøvingane skal utførast for kvar klasse og/eller type som søkjaren har opplyst om, i samsvar med den relevante standarden.

Tabell 1

Bruk av dei ulike kriteria på kvar kategori vassklosett- og urinalutstyr

Kriterium \ Vassklosett- og urinalutstyr	Klosetteiningar	Klosettskåler	Spylesystem til klosett	Urinaleningar	Urinal	Urinal utan spyling	Spylesystem til urinal
1a) – Heilspylingsvolum	x	x	x	x	x		x
1b) – Vassparing	x	x	x	x	x		x
1c) – Gjennomsnittleg spylevolum	x	x	x				
1d) – Justering av spylevolum	x		x	x			x

Kriterium \ Vassklosett- og urinalutstyr	Klosetteininger	Klosett-skåler	Spylesystem til klosett	Urinaleringar	Urinal	Urinal utan spyling	Spylesystem til urinal
2a) – Krav til spylesystem	x		x	x			x
2b) – Spyleeigenskapar	x	x		x	x		
2c) – Krav til urinal utan spyling						x	
3a) – Farlege stoff og stoffblandingar	x	x	x	x	x	x	x
3b) – Stoff som er førte opp i samsvar med artikkel 59 nr. 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006 ⁽¹⁾	x	x	x	x	x	x	x
4 – Råvarer av tre frå berekraftig skogbruk	x	x	x	x	x	x	x
5a) – Reparasjonar og tilgang til reservedelar	x	x	x	x	x	x	x
5b) – Garanti	x	x	x	x	x	x	x
6 – Redusert miljøverknad ved kassering	x	x	x	x	x	x	x
7 – Monterings- og bruksrettleiing	x	x	x	x	x	x	x
8 – Opplysningar på EU-miljømerket	x	x	x	x	x	x	x

⁽¹⁾ TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1.

Kriterium 1. Effektiv vassbruk

a) Heilspylingsvolum

Når vassklosettutstyr og urinalutstyr med spyling vert bringa i omsetning, skal heilspylingsvolumet ikkje overstige verdiane i tabell 2, uavhengig av vasstrykket.

Tabell 2

Øvre grense for heilspylingsvolumet til vassklosettutstyr og urinalutstyr med spyling

Produkt	Heilspylingsvolum [l/spyling]
Vassklosettutstyr	6,0
Urinalutstyr med spyling	1,0

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og føre opp det nominelle heilspylingsvolumet (i l/spyling) til produktet, saman med resultatata frå prøvingar som er utførte i samsvar med den prøvingsframgangsmåten som er nemnd i dei høvesvise EN-standardane for den aktuelle produkttypen (sjå tabell 3). For golvurinal viser heilspylingsvolumet til den vassmengda som trengst for å spyle eit 60 cm breitt område av ein samanhengande vegg.

Tabell 3

EN-standardar for måling av heilspylingsvolumet til vassklosettutstyr og urinalutstyr med spyling

Produkt	Standard	Tittel på standard
Klosetteiningar og klosettskåler	EN 997	Klosettskåler og vannklosetter med innebygd vannlås
Urinaleiningar og urinal	EN 13407	Veggurinaler — Funksjonskrav og prøvingsmetoder
Spylesystem med spylesisterne	EN 14055	Spylesisterner for WC og urinaler
Spylesystem med manuell spyleventil	EN 12541	Sanitærarmatur – Spyleventiler med automatisk hydraulisk lukking PN 10 for WC og urinaler
Spylesystem med kontaktfri spyleventil	EN 15091	Sanitært tappeutstyr — Sanitært tappeutstyr med elektronisk åpning og stenging

b) *Vassparing*

Klosetteiningar med eit heilspylingsvolum på meir enn 4,0 liter og spylesystem til klosett skal vere utstyrte med ei vassparande innretning. Når produktet vert bringa i omsetning, skal det reduserte spylevolumet ikkje overstige 3,0 l/spyling når den vassparande innretninga vert nytta, uavhengig av vasstrykket.

Det skal kunne nyttast vassparande innretningar saman med klosettskåler, og uavhengig av vasstrykket skal det reduserte spylevolumet ikkje overstige 3,0 l/spyling når den vassparande innretninga vert nytta.

Urinaleiningar og spylesystem til urinal skal vere utstyrte med ein individuell brukarkontrollert spyleutløysar. Golvurinal med spylesystem skal ha ein individuell brukarkontrollert spyleutløysar som skal dekkje ei breidd på høgst 60 cm av ein samanhengande vegg.

Det skal vere mogleg å nytte ein individuell brukarkontrollert spyleutløysar i urinal. Golvurinal utan spylesystem skal kunne utstyrast med individuelle brukarkontrollerte spyleutløysarar som kvar og ein skal dekkje ei breidd på høgst 60 cm av ein samanhengande vegg.

Følarbaserte spyleutløysarar skal hindre feilutløysing og sikre at spyling berre skjer når produktet faktisk har vore nytta.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram dokumentasjon som viser den teknologien eller innretninga som vert nytta i produktet. Med omsyn til vassklosettutstyr skal søkjaren føre opp det reduserte spylevolumet (i l/spyling) til produktet og dessutan vise til resultatata frå prøvingar som er utførte i samsvar med dei prøvingsframgangsmåtane som er nemnde i dei høvesvise EN-standardane for den aktuelle produkttypen (sjå tabell 4). Med omsyn til produkt som er utstyrte med følarbaserte spyleutløysarar, skal søkjaren leggje fram ei kort forklaring på kva tiltak som er gjorde under utforminga av produktet for å hindre feilutløysing og for å sikre at spyling berre skjer når produktet faktisk har vore nytta.

Tabell 4

EN-standardar for måling av redusert spylevolum i vassklosettutstyr

Produkt	Standard	Tittel på standard
Klosetteiningar og klosettskåler	EN 997	Klosettskåler og vannklosetter med innebygd vannlås
Spylesystem til klosett som omfattar ei spylesisterne	EN 14055	Spylesisterner for WC og urinaler

c) *Gjennomsnittleg spylevolum*

Når vassklosettutstyr vert bringa i omsetning, skal det gjennomsnittlege spylevolumet, rekna ut i samsvar med den metoden som er fastsett i tillegg 1, ikkje overstige 3,5 l/spyling. Klosetteiningar med heilspylingvolum på 4,0 liter eller mindre er ikkje omfatta av dette kravet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og føre opp det gjennomsnittlege spylevolumet (i l/spyling) som er rekna ut for produktet, saman med resultatata frå prøvingar som er utførte i samsvar med den metoden som er fastsett i tillegg 1.

d) *Justering av spylevolum*

Spylesystem skal vere utstyrte med ei justeringsinnretning, slik at montøren kan justere spylevoluma ut frå dei lokale tilhøva i avlaupssystemet. Etter justering i samsvar med monteringsrettleiinga skal heilspylingvolumet ikkje overstige 6 l/spyling for vassklosettutstyr eller 4 l/spyling dersom klosetteininga ikkje er utstyrt med ei vassparande innretning, og 1 l/spyling for urinalutstyr med spyling. Etter justering i samsvar med monteringsrettleiinga skal det reduserte spylevolumet ikkje overstige 3 l/spyling for vassklosettutstyr.

I spylesystem med spylesisterne skal det største moglege heilspylingvolumet etter justering vere markert med ei vasstandslinje eller eit vasstandsmerke på spylesisterne.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram dokumentasjon som viser den teknologien eller innretninga som vert nytta i produktet.

Kriterium 2. Produkteigenskapara) *Krav til spylesystem*

Spylesystem skal oppfylle krava i dei høvesvise EN-standardane som er førte opp i tabell 5. Avsnitta som gjeld heilspylingvolum og redusert spylevolum i dei aktuelle EN-standardane i tabell 5 nedanfor, vert ikkje omfatta av dette kriteriet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram resultatata av prøvingar som er utførte i samsvar med den prøvingsframgangsmåten som er nemnd i dei høvesvise EN-standardane for den aktuelle produkttypen (sjå tabell 5).

Tabell 5

EN-standard som spylesystemet skal vere i samsvar med

Spylesystem	Standard	Tittel på standard
Spylesisterner for klosett og urinal	EN 14055	Spylesisterner for WC og urinaler
Manuelle spyleventilar for klosett og urinal	EN 12541	Sanitærarmatur – Spyleventiler med automatisk hydraulisk lukking PN 10 for WC og urinaler
Kontaktfrie spyleventilar for klosett og urinal	EN 15091	Sanitært tappeutstyr — Sanitært tappeutstyr med elektronisk åpning og stenging

b) *Spyleeigenskapar*

Spyleeigenskapane til klosett- og urinaleiningar, klosettskåler og urinal skal vere i samsvar med krava i dei høvesvise EN-standardane som er førte opp i tabell 6.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram resultatane av prøvingar som er utførte i samsvar med den prøvingsframgangsmåten som er nemnd i dei høvesvise EN-standardane for den aktuelle produkttypen (sjå tabell 6). Klosetteiningar og klosettskåler som ikkje er omfatta av EN-standardane, skal ha spyleeigenskapar som svarer til spyleeigenskapane til produkt av tilsvarande klasse og type som vert omfatta av standarden EN 997. I så fall må søkjaren leggje fram resultatane av prøvingar som er utførte i samsvar med den prøvingsframgangsmåten som er nemnd i standarden EN 997, for produkt av tilsvarande klasse og type. Urinaleiningar og urinal som ikkje er omfatta av EN-standardane, skal ha spyleeigenskapar som svarer til spyleeigenskapane til produkt av tilsvarande klasse og type som vert omfatta av standarden EN 13407. I så fall må søkjaren leggje fram resultatane av prøvingar som er utførte i samsvar med den prøvingsframgangsmåten som er nemnd i standarden EN 13407, for produkt av tilsvarande klasse og type.

Tabell 6

EN-standard som spyleeigenskapane til produktet skal vere i samsvar med

Produkt	Standard	Tittel på standard
Klosetteiningar og klosettskåler	EN 997	Klosettskåler og vannklosetter med innebygd vannlås
Urinaleiningar og urinal	EN 13407	Veggurinaler — Funksjonskrav og prøvingsmetoder

c) *Krav til urinal utan spyling*

Urinal utan spyling skal oppfylle dei krava som er definerte i tillegg 2.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram resultatane av prøvingar som er utførte i samsvar med dei prøvingsframgangsmåtane som er fastsette i tillegg 2. Alle tilsvarande metodar som viser at krava som er fastsette i tillegg 2, er oppfylte, skal òg godkjennast.

Kriterium 3. Stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfanga) *Farlege stoff og stoffblandingar*

I samsvar med artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 skal EU-miljømerket ikkje tildelast varer eller artiklar av varer som definert i artikkel 3 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1907/2006, eller homogene delar av desse som inneheld stoff som oppfyller kriteria for klassifisering med dei fare- eller risikoseiningane som er førte opp i tabell 7 i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008⁽¹⁾ eller rådsdirektiv 67/548/EØF⁽²⁾, eller stoff som er nemnde i artikkel 57 i forordning (EF) nr. 1907/2006. Dersom terskelverdien for klassifisering av eit stoff eller ei stoffblanding i ei fareklasse skil seg frå terskelverdien for ei risikoseining, har den første førerang. Risikoseiningane i tabell 7 vert som regel nytta om stoff. Dersom det ikkje er mogleg å få opplysningar om stoffa, skal klassifiseringsreglane for stoffblandingar nyttast. Stoff eller stoffblandingar som endrar eigenskapane sine ved behandling slik at dei ikkje lenger er biotilgjengelege, eller slik at dei endrar seg kjemisk på ein slik måte at den påviste faren ikkje lenger ligg føre, er ikkje omfatta av kriterium 3 a).

Tabell 7

Fare- og risikoseiningar

Faresetning	Risikoseining
H300 Dødeleg ved svelging	R 28
H301 Giftig ved svelging	R25
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane	R65
H310 Dødeleg ved hudkontakt	R27
H311 Giftig ved hudkontakt	R24
H330 Dødeleg ved innandring	R23/26

⁽¹⁾ TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1.

⁽²⁾ TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

Faresetning	Risikosetning
H331 Giftig ved innandring	R23
H340 Kan føre til genetiske skadar	R46
H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar	R68
H350 Kan føre til kreft	R45
H350i Kan føre til kreft ved innandring	R49
H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft	R40
H360F Kan skade forplantingsevna	R60
H360D Kan gje fosterskadar	R61
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar	R60/61/60-61
H360Fd Kan skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R60/63
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R61/62
H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R62
H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R63
H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R62-63
H362 Kan skade barn som vert amma	R64
H370 Fører til organskadar	R39/23/24/25/26/27/28
H371 Kan føre til organskadar	R68/20/21/22
H372 Fører til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	R48/25/24/23
H373 Kan føre til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	R48/20/21/22
H400 Svært giftig for liv i vatn	R50
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R50-53
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R51-53
H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn	R52-53
H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn	R53
EUH059 Farleg for ozonlaget	R59
EUH029 Ved kontakt med vatn vert det utvikla giftig gass	R29
EUH031 Ved kontakt med syre vert det utvikla giftig gass	R31
EUH032 Ved kontakt med syre vert det utvikla svært giftig gass	R32
EUH070 Giftig ved kontakt med auga	R39-41

Konsentrasjonsgrensene for stoff eller stoffblandingar som kan verte eller er vortne tildelte dei fare- eller risikoseiningane som er førte opp i tabell 7, og som oppfyller kriteria for klassifisering i desse fareklassane eller -kategoriane, og konsentrasjonsgrensene for stoff som oppfyller dei kriteria som er fastsette i artikkel 57 bokstav a), b) eller c) i forordning (EF) nr. 1907/2006, skal ikkje overstige dei generiske eller særlege konsentrasjonsgrensene som er fastsette i samsvar med artikkel 10 i forordning (EF) nr. 1272/2008. Dersom det er fastsett særlege konsentrasjonsgrensar, skal desse ha førerang for dei generiske.

Konsentrasjonsgrensene for stoff som oppfyller dei kriteria som er fastsette i artikkel 57 bokstav d), e) eller f) i forordning (EF) nr. 1907/2006, skal ikkje overstige 0,1 vektprosent.

Sluttproduktet skal ikkje vere merkt med faresetning.

Med omsyn til vassklosett- og urinalutstyr vert stoffa/komponentane i tabell 8 ikkje omfatta av krava i artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010, i medhald av artikkel 6 nr. 7 i den same forordninga:

Tabell 8

Stoff/komponentar som har unntak

Stoff/komponent	Fare- og risikoseiningar
Produkt med vekt under 25 g	Alle fare- og risikoseiningar
Homogene delar av samansette artiklar med vekt under 25 g	Alle fare- og risikoseiningar
Nikkel i alle typar rustfritt stål	H351, H372 og R40/48/23
Elektroniske komponentar i vassklosett- og urinalutstyr som oppfyller krava som er fastsette i artikkel 4 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2011/65/EU ⁽¹⁾	Alle fare- og risikoseiningar

⁽¹⁾ TEU L 174 av 1.7.2011, s. 88.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at produktet og alle artiklar eller homogene delar av produktet oppfyller kriterium 3 bokstav a), saman med tilhøyrande dokumentasjon, til dømes samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane, som dokumenterer at ingen av stoffa eller materiala er klassifiserte i nokon av dei fareklassane som er knytte til faresetningane som er nemnde i tabell 7 i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, i den grad dette er mogleg å slå fast, som eit minimum ut frå dei opplysningane som oppfyller krava i vedlegg VII til forordning (EF) nr. 1907/2006. Denne fråsegna skal underbyggjast med samandraginformasjon om dei relevante eigenskapane som er knytte til faresetningane som er nemnde i tabell 7, på det detaljnivået som er fastsett i avsnitt 10, 11 og 12 i vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006.

Opplysningar om dei ibuande eigenskapane til stoffa kan skaffast fram på andre måtar enn ved prøvingar, til dømes ved bruk av alternative metodar som in vitro-metodar, ved kvantitative strukturaktivitetsmodellar eller ved bruk av gruppering av stoff eller jamføring med stoff som har same struktur, i samsvar med vedlegg XI til forordning (EF) nr. 1907/2006. Utveksling av relevante data i forsyningskjeda vert tilrådd på det sterkaste.

Opplysningane som vert gjevne, skal gjelde dei formene eller fysiske tilstandane i stoffet eller stoffblandingane som vert nytta i sluttproduktet.

For stoff som er førte opp i vedlegg IV og V til forordning (EF) nr. 1907/2006 og har unntak frå registreringsplikta i medhald av artikkel 2 nr. 7 bokstav a) og b) i den nemnde forordninga, vil ei fråsegn frå søkjaren vere tilstrekkeleg for å oppfylle kriterium 3 bokstav a).

b) Stoff som er førte opp i samsvar med artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006

Det skal ikkje gjevast unntak frå forbodet i artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 for stoff som gjev svært stor grad av uro og er førte opp i lista i artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006⁽¹⁾, og som finst i stoffblandingar, i ein artikkel eller i ein homogen del av ein samansett artikkel i konsentrasjonar som er høgare enn 0,1 %. Særlege konsentrasjonsgrensar som er fastsette i samsvar med artikkel 10 i forordning (EF) nr. 1272/2008, skal nyttast i tilfelle der konsentrasjonen er lågare enn 0,1 %.

⁽¹⁾ http://echa.europa.eu/chem_data/authorisation_process/candidate_list_table_en.asp

Vurdering og kontroll: Tilvising til lista over stoff som gjev svært stor grad av uro, skal gjerast på søknadsdatoen. Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at produktet oppfyller kriterium 3 bokstav b), saman med tilhøyrande dokumentasjon, medrekna fråsegner om samsvar som er underteikna av leverandørane av materiala, og kopiar av relevante tryggleiksdatablad for stoff eller stoffblandingar i samsvar med vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006 for stoff eller stoffblandingar. Konsentrasjonsgrensene for stoff og stoffblandingar skal vere førte opp i tryggleiksdatablada i samsvar med artikkel 31 i forordning (EF) nr. 1907/2006.

Kriterium 4. Tre frå berekraftig skogbruk

Tre eller trebaserte delar som vert nytta i vassklosett og urinal, kan vere av attvunne eller nytt materiale.

Nytt trevirke skal omfattast av gyldige sertifikat for berekraftig skogbruk og for produktkjeda som ein uavhengig tredjemann har utferda gjennom ei sertifiseringsordning, til dømes FSC, PEFC eller tilsvarende.

Dersom sertifiseringsordningane tillèt både sertifisert materiale og usertifisert materiale i eit produkt eller ei produktlinje, skal mengda av usertifisert materiale likevel ikkje overstige 50 %. Det usertifiserte materialet skal omfattast av eit kontrollsystem som sikrar at det har lovleg opphav og oppfyller alle andre krav med omsyn til usertifisert materiale i sertifiseringsordninga.

Sertifiseringsorgana som utferdar sertifikat for skogbruk og/eller for produktkjeda, skal vere akkrediterte/godkjende av denne sertifiseringsordninga.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg dokumentasjon med opplysningar om type, mengd og opphav til tre eller trebaserte delar som er nytta i vassklosett og urinal.

Dersom det vert nytta nytt trevirke, skal produktet omfattast av gyldige sertifikat for berekraftig skogbruk og for produktkjeda som ein uavhengig tredjemann har utferda gjennom ei sertifiseringsordning, til dømes FSC, PEFC eller tilsvarende. Dersom produktet eller produktlinja omfattar usertifisert materiale, skal det leggjast fram prov på at det usertifiserte materialet utgjer mindre enn 50 %, og at det er omfatta av eit kontrollsystem som sikrar at det har lovleg opphav og oppfyller alle andre krav med omsyn til usertifisert materiale i sertifiseringsordninga.

Kriterium 5. Produktlevetid

a) Reparasjonar og tilgang til reservedelar

Produktet skal vere utforma på ein slik måte at utskiftbare delar lett kan bytast ut av sluttbrukaren eller eventuelt ein profesjonell tekniskar. Produktdatabladet som finst i trykt og/eller elektronisk format, skal innehalde tydelege opplysningar om kva delar som kan bytast ut. Søkjaren skal òg leggje fram tydelege rettleiingar, slik at sluttbrukaren eller den kvalifiserte sakkunnige kan utføre enkle reparasjonar.

Søkjaren skal òg sikre at originale reservedelar eller reservedelar av tilsvarende kvalitet, er tilgjengelege i eit tidsrom på minst ti år etter kjøpsdatoen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram eitt eller fleire eksemplar av produktdatabladet i trykt og/eller elektronisk format.

b) Garanti

Produktet skal vere omfatta av ein reparasjons- og utskiftingsgaranti som varer i minst fem år.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram eit eksemplar av garantivilkåra.

Kriterium 6. Redusert miljøverknad ved kassering

Plastdelar som veg 25 g eller meir, skal vere merkte i samsvar med krava i standarden EN ISO 11469, slik at det kan avgjerast om materiala skal attvinnast, materialattvinnast eller slutthandsamast når produktet er kassert.

Urinal utan spyling skal anten nytte ei væske som er lett biologisk nedbryteleg eller fungere heilt utan væske.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava. For urinal utan spyling skal søkjaren leggje fram dokumentasjon som viser kva slags teknologi som er nytta, og ein prøvingsrapport som viser evna til lett biologisk væskenedbrying dersom det vert nytta ei væske, i samsvar med definisjonen og prøvingsmetodane som er fastsette i retningslinjene for bruk av CLP-kriteria⁽¹⁾ i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008.

Kriterium 7. Monterings- og bruksretteleing

Ei føremålstenleg monterings- og bruksretteleing som inneheld alle dei tekniske detaljane som er naudsynte for korrekt montering, skal følgje med produktet, og dessutan råd om korrekt og miljøvenleg bruk og vedlikehald av produktet. Monterings- og bruksretteleinga skal minst innehalde retteleing og opplysningar om følgjande punkt på emballasjen eller i dokumentasjonen som følgjer med produktet, i trykt eller elektronisk format:

- a) korrekt monteringsretteleing, medrekna:
 - for klosettskåler, urinal og spylesystem som er bringa i omsetning separat: opplysningar om kva for produkt dei skal kombinerast med for å utgjere ei fullt ut funksjonell eining med effektiv vassbruk,
 - opplysningar om kva klasse/klassar og/eller type/typar som produktet er prøvd for,
 - opplysningar om dei spesifikke driftstrykka som produktet er eigna for,
 - opplysningar om kva slags typar avlaupssystem produktet kan fungere med i samsvar med standarden EN 12056,
 - opplysningar som forklarar korleis spylevoluma kan justerast, og følgjene for spillvatn- og fyllingsnivå,
 - ein merknad om at det er viktig å kontrollere relevante nasjonale og lokale reglar før montering av produkta,
- b) opplysningar om at verknaden på miljøet først og fremst er knytt til vassforbruk, og råd om korleis fornuftig bruk kan halde denne verknaden på eit lågast mogleg nivå, særleg opplysningar om korleis riktig bruk av produktet kan halde vassforbruket så lågt som råd,
- c) opplysningar om at produktet er vorte tildelt EU-miljømerket, saman med ei kort, presis forklaring på kva dette inneber, i tillegg til dei allmenne opplysningane saman med logoen til EU-miljømerket,
- d) heilspylingsvolumet i l/spyling (prøvd i samsvar med kriterium 1 bokstav a)),
- e) for vassklosettutstyr som har eller mogleggjer bruk av ei vassparande innretning: det reduserte og gjennomsnittlege spylevolumet i l/spyling (prøvd i samsvar med høvesvis kriterium 1 bokstav b) og 1 bokstav c)),
- f) for klosettskåler og urinal som er bringa i omsetning separat, skal det opplysast om at produktet skal kombinerast med eit høveleg spylesystem med miljømerking, slik at det utgjere ei fullt ut funksjonell eining med effektiv vassbruk, og særleg skal det opplysast om heilspylingsvolumet og eventuelt òg det reduserte og gjennomsnittlege spylevolumet til spylesystemet som det skal kombinerast med,

⁽¹⁾ http://echa.europa.eu/documents/10162/13562/clp_en.pdf

- g) for spylesystem som er bringa i omsetning separat, skal det opplysast om at produktet skal kombinerast med ei høveleg klosettskål og/eller urinal med miljømerking, slik at det utgjør ei fullt ut funksjonell eining med effektiv vassbruk, og særleg skal det opplysast om heilspylingsvolumet og eventuelt òg det reduserte og gjennomsnittlege spylevolumet til klosettskåla og/eller urinalet som det skal kombinerast med,
- h) tilrådingar om riktig bruk og vedlikehald av produktet, saman med alle relevante rettleiingar, særleg:
- råd om bruk og vedlikehald av produkta,
 - opplysningar om kva delar som kan bytast ut,
 - rettleiing om byting av pakningar og andre delar ved eventuell lekkasje i produktet,
 - råd om reingjering av produktet med høvelege verktøy og reingjeringsmiddel for å hindre skade på overflata av produktet,
- i) for urinal utan spyling: rettleiing om vedlikehald, eventuelt medrekna opplysningar om bevaring og vedlikehald av den utbytbare kassetten, og korleis og når han skal bytast ut, i tillegg til ei liste over tenesteytarar som tilbyr jamleg vedlikehald,
- j) for urinal utan spyling skal det gjevast høvelege tilrådingar om slutthandsaming av dei utbytbare kassetane, særleg opplysningar om eventuelle eksisterande ordningar med tilbakelevering,
- k) tilrådingar om høveleg slutthandsaming ved kassering av produktet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram eitt eller fleire eksemplar av bruksrettleiinga og/eller ei lenkje til nettstaden til ein produsent der desse opplysningane finst.

Kriterium 8. Opplysningar på EU-miljømerket

Eit valfritt merke med tekstfelt skal innehalde følgjande tekst:

- Effektiv vassbruk og redusert spillvatn
- Med dette miljømerkte produktet sparar du både pengar og vatn
- Redusert miljøverknad ved kassering.

Retningslinjene for bruk av det valfrie merket med tekstfelt kan finnast i «Guidelines for the use of the EU Ecolabel logo» på følgjande nettstad:

http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/logo_guidelines.pdf

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller desse krava og leggje fram eit eksemplar av merket.

*Tillegg 1***Metodar for måling og utrekning av gjennomsnittleg spylevolum****1. Prøvingsmetodar**

Monter vassklosettet eller vassklosettutstyret i samsvar med monteringsretteleinga frå produsenten. Utstyr til klosettskåler skal monterast med eit prøvingsspylesystem, som nemnt i dei relevante EN-standardane.

Plasser det monterte utstyret på ei fast, flat horisontal eller vertikal flate, alt etter korleis det høver.

Kople fylleventilen til ei vassforsyning med eit statisk vasstrykk på $0,2 \pm 0,01$ MPa ($2 \pm 0,1$ bar), og opne ventilen for vassforsyninga. La vassforsyninga stå open mens du utfører prøvingane.

Utløys heilspylingsmekanismen, samle opp og tøm deretter ut vatnet.

1.1. Vurdering av heilspylingsvolumet

Utløys heilspylingsmekanismen og samle opp vatnet.

Mål volumet ved hjelp av ein kalibrert tank.

Registrer det målte volumet.

Utfør prøvinga tre gonger.

Dersom det er avvik mellom voluma, må du rekne ut heilspylingsvolumet (V_f) som det aritmetiske gjennomsnittet av dei tre registrerte voluma.

1.2. Vurdering av det reduserte spylevolumet

Utløys mekanismen med redusert spyling og samle opp vatnet.

Mål volumet ved hjelp av ein kalibrert tank.

Registrer det målte volumet.

Utfør prøvinga tre gonger.

Dersom det er avvik mellom voluma, må du rekne ut det reduserte spylevolumet (V_r) som det aritmetiske gjennomsnittet av dei tre registrerte voluma.

2. Utrekning av gjennomsnittleg spylevolum

Rekn ut det gjennomsnittlege spylevolumet (V_a) slik:

$$V_a = (V_f + (3 \times V_r))/4$$

*Tillegg 2***Krav til urinal utan spyling og prøvingsmetodar****1. Krav til urinal utan spyling**

Urinal utan spyling skal godkjennast gjennom

- prøving av laststyrke,
- prøving av avlaup,
- prøving av tettleik og
- prøving av hindring av tilbakestrøyming av lukt og ureina vatn.

2. Metodar for prøving av urinal utan spyling**2.1. Prøving av lastmotstand**

Urinal utan spyling skal reknast for å bestå lastmotstandsprøvinga dersom dei i ei statisk belastingsprøving oppfyller krav til lastmotstand som tilsvarar dei krava som er definerte i EN 13407. Tilsvarande metodar skal òg godkjennast.

2.2. Prøving av avlaup

Urinal utan spyling skal reknast for å bestå avlaupsprøvinga dersom dei i ei prøving av avlaup oppfyller krav til avlaup som tilsvarar dei krava som er definerte i EN 14688. Ettersom prøvinga i EN 14688 gjeld servantar, skal all tilpassing av prøvinga til å gjelde prøving av urinal utan spyling, godkjennast. Tilsvarande metodar skal òg godkjennast.

2.3. Prøving av tettleik

Urinal utan spyling skal reknast for å bestå tettleiksprøvinga dersom all væske som vert helt i, renn ut berre gjennom utlaupet. I denne prøvinga skal det nyttast farga vatn for å oppdage eventuelle lekkasjar. Tilsvarande metodar skal òg godkjennast.

Alternativt skal urinal utan spyling reknast for å bestå tettleiksprøvinga dersom dei i ei prøving av vassabsorpsjon oppfyller krav til vassabsorpsjon som tilsvarar dei krava som er definerte i EN 13407. Tilsvarande metodar skal òg godkjennast.

2.4. Prøving av hindring av tilbakestrøyming av lukt og ureina vatn

Urinal utan spyling skal reknast for å bestå prøvinga av hindring av tilbakestrøyming av lukt og ureina vatn dersom dei oppfyller krav til lukttettleik og trykkmotstand i vasslåsen som tilsvarar dei krava som er definerte i EN 1253-1, under prøving av høvesvis lukttettleik og trykkmotstand i vasslåsen som tilsvarar dei prøvingane som er definerte i EN 1253-2. Tilsvarande metodar skal òg godkjennast.
